



Fakulteta

Referanse

2014/644-HEBJ

Dato

21.01.2014

Utlysning av fellesgradsdelen av Erasmus+

Vi viser til lanseringa av det nye Erasmus+ programmet. Ei av endringane med Erasmus+ i forhold til Lifelong Learning Programme (LLP) er at fellesgradsdelen no er tatt med i erasmusprogrammet. Joint Master Degree (JMD) er ei vidareføring av Erasmus Mundusprogrammet. Siktemålet med JMD er, som med Erasmus Mundus, å sette Europa på kartet i den internasjonale utdanningsmarknaden, ved å tilby masterprogram av særleg høg kvalitet kombinert med attraktive studentstipend.

JMD skal bidra til kvalitet, innovasjon og internasjonalisering på institusjonane samt gjere kandidatane betre rusta for arbeidsmarknaden gjennom tettare kontakt med næringslivet. Norske høgare utdanningsinstitusjonar kan delta på lik line med institusjonar frå andre programland i dette samarbeidet. PhD nivået i Erasmus Mundus-programmet er flytta over til Marie Skłodowska Curie-programmet.

Gjennom Erasmus+ kan eit konsortium søke om drifts- og stipendmidlar til ein felles mastergrad. Mastergraden kan vere på 60, 90 eller 120 ECTS og skal føre fram til anten «joint degree» (eitt vitnemål som blir signert av to eller fleire partnerinstitusjonar) eller «multiple degree» (to eller fleire vitnemål frå to eller fleire partnerinstitusjonar). Dersom eit konsortium blir innvilga stønad, må mastergraden så raskt som mogeleg lysast ut internasjonalt og det må leggast til rette for det første opptaket det påfølgande året. Stønad vil bli gitt til drift og førebuing det første året og deretter blir det stipend- og driftsmidlar til tre studentopptak.

Det er koordinator for konsortiet som søker om erasmusmidlar. Kvart konsortium må ha deltakarar frå minst tre programland. I tillegg kan konsortiet ta med utdanningsinstitusjonar frå partnerland og assosierte medlem (bedrifter, forskingsinstitusjonar, organisasjonar, offentlege organ) som på ulikt vis kan bidra i mastergradssamarbeidet. Alle deltakande utdanningsinstitusjonar må ha rett til å gi ein mastergrad.

Etter endt støtteperiode kan konsortiet søke om å bli inkludert i «Erasmus+ Joint Master Degrees Catalogue», basert på ei kvalitetsvurdering. Dette vil og gi mogelegheit for noko støtte i form av studentstipend.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Studieadministrativ avdeling
Telefon 55589314
Telefaks 55589418

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse
Langesgt. 1-3
Bergen

Sakshandsamar
Helge Bjørlo
55589241

Neste søknadsfrist er 27. mars 2014. Det er forventa at EU-kommisjonen vil lyse ut ny søknadsrunde omlag same dato i 2015.

Vi minner om rutinane som gjeld for oppretting av fellesgradar ved UiB som er omtalt i «Veiledning for utvikling og drift av fellesgrader på Bachelor- og masternivå ved Universitetet i Bergen» s. 17 (vedlegg).

Som før vil Studieadministrativ avdeling ha ein støttefunksjon for fagmiljøa ved UiB under planlegging av ein fellesgrad og vi ber om at avdelinga blir informert om planar og initiativ tidleg i prosessen.

For meir informasjon om støtte til Joint Master Degree i Erasmus+ viser vi til side 83-91 og 233-235 i Erasmus + Programme Guide (vedlegg).

Venleg helsing

Christen Soleim
avdelingsdirektør

Helge Bjørlo
seniorkonsulent